



Arbeiderpartiet



STORD ARBEIDARPARTI

Valprogram 2019-2023



Gaute Straume Epland, ordførarkandidat

Kvifor skal folk stemma på meg?

Politikk er grunnleggjande sett ein verdikamp. For meg og Arbeidarpartiet er det dei sosialdemokratiske verdiane fridom, likskap og solidaritet som er rettesnora for dei politiske vala me tek. Me trur på eit samfunn der me løyser dei store oppgåvene i fellesskap; der den einskilde, uavhengig av bakgrunn, skal ha moglegheit til å skapa seg eit godt liv; og der me saman stiller opp for kvarandre og for dei som av ulike grunnar fell utanfor. Kort sagt: eit samfunn med sterke fellesskap, der forskjellane er små, og mogleheitene er store.

Mitt politiske engasjement er tufta på desse verdiane, og på eit sterkt engasjement for Stord og Sunnhordland. Eg er veldig glad i kommunen og regionen vår, og eg kan ikkje tenkja meg noko meir meiningsfullt enn det å vera med og bidra til å vidareutvikla lokalsamfunnet vårt til det beste for oss som bur her.

Etter to år som ordførar har eg etter kvart fått erfaring i denne rolla, og eg har utvikla gode samarbeidsrelasjonar til politiske kollegaer og kommuneadministrasjonen. Eg har lagt vekt på å vera ein samlande

ordførar og på å søkja breie samarbeid, ikkje minst i saker med stort konfliktpotensial. For meg er det ikkje nødvendigvis eit mål å trumfa gjennom mitt syn, men å finna dei gode løysingane i lag og gjennom konstruktiv politisk debatt. Eg meiner *det* er det beste utgangspunktet i ein kommune styrt etter formannskapsmodellen.

Meir enn einsklidsaker er eg oppteken av heilskapen. Som sosialdemokrat vil likevel eit seriøst arbeidsliv, ein god fellesskule og gode kommunale tenester for eldre og svakare stilte vera viktig. Den viktigaste saka for meg er likevel klima og miljø. Me har berre éin klode, og det er vår plikt, også som lokalpolikarar, å gjera det me kan for å skapa eit samfunn som ikkje øydelegg den.

Eg er stolt av mykje av det me har fått til i denne perioden. I tråd me det me lova før førre val, har me satsa på utvikling av tenestene i eigen regi og på å fremja det seriøse arbeidslivet. Me har løfta opp klima og miljø som ei hovudsak i den kommunale planlegginga og verksemda. Og me har gjort store investeringar som me vil ha glede av i mange tiår framover.

Men mange utfordringar gjenstår, og eg er overbevist om at kontinuitet i den politiske leiarskapen er avgjerande for den vidare utviklinga av stordsamfunnet.

Godt val!



Grunnsyn og visjonar

Stord Arbeidarparti sine representantar har som sitt fremste mål å ivareta interessene og velferda til innbyggjarane i Stord kommune. Difor vil me arbeida for trygge arbeidsplassar, robuste fellesskapsløysingar som gir gode oppvekstvilkår og omsorgstenester, og eit spennande kulturliv.

Klimaforverringa kan bli det største trugsmålet mot velferd og livskvalitet i framtida. I alle politiske avgjerder må difor omsynet til klima og ei miljømessig berekraftig utvikling av Stord-samfunnet leggjast til grunn.

Dei politiske prioriteringane våre vil byggja på dei sosialdemokratiske grunnverdiane fridom, likskap og solidaritet. Stord Arbeidarparti har gode røynsler med samarbeid med andre parti og er innstilt på å finna balanserte løysingar til beste for stordsamfunnet i samarbeid med andre.

Arbeid for alle er framleis jobb nummer éin. Stord har eit næringsliv med høg kompetanse som ofte opererer i ein internasjonal marknad. Arbeidarpartiet vil gjera Stord til ein attraktiv kommune med gode rammevilkår for næringslivet. Me vil få utarbeidd ein kommunal næringsplan og utvikla gode forum for samarbeid mellom kommune og næringsliv. Me vil vurdera å oppretta eit kommunalt eigedomsselskap som får i oppgåve å utvikla areal for bustad og næringsliv.

Stord Arbeidarparti vil at Stord skal vera eit inkluderande regionsenter som arbeider for ei positiv og balansert samfunnsutvikling i Sunnhordland. Me vil arbeida for at kommunane i regionen saman vert ein aktiv og drivande støttespelar og samarbeidspartnar for næringslivet, høgskulen, sjukehuset og andre offentlege institusjonar og tenesteytarar. Stord Arbeidarparti vil framleis ha ei positiv haldning til frivillig samanslåing av kommunar i ytre Sunnhordland.

Stord Arbeidarparti vil gjennom god økonomistyring og klare prioriteringar bevara velferdscommunen og slik sikra tryggleiken til innbyggjarane i alle fasar av livet. Det er no viktig å konsolidera kommuneøkonomien. Difor er det vårt mål gjennom så låg eigedomsskatt som råd å sikra balanse i kommunebudsjettet. Eigedomsskatten skal brukast til nedbetaling av gjeld og naudsynte investeringar i skule- og omsorgstenester, og verdibeverande vedlikehald av kommunal eigedom. Inntil 2% skal kunna nyttast til å støtta det samfunnsgagnlege arbeidet som frivillige organisasjonar driv.

Gjennom samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar skal Stord kommune vera ein utviklande og attraktiv arbeidsplass som under demokratisk styring sikrar innbyggjarane gode offentlege tenester.

Ei verdig eldreomsorg er eit prioritert felt innan helse og omsorg for Stord Arbeidarparti i komande valperiode. Målet er å ha eit godt tilbod på sjukeheimspllassar, omsorgsbustader og hjelp heime. For å løysa denne oppgåva vil Stord Arbeidarparti opna for å diskutera løysingar der også andre aktørar bidrar i samarbeid med kommunen. Arbeidarpartiet vil i komande periode fullføra utbygginga av nye og rehabiliteringa av gamle sjukeheimspllassar. Nye sjukeheimspllassar vil bli fasa inn etter behov og økonomisk bereevne. I tillegg vil me saman med tilsette og brukarar byrja planlegging og prosjektering av nye bu- og omsorgstenester for eldre og pleietrengande.

Stord sjukehus med sine akuttfunksjonar gir tryggleik for innbyggjarane i kommunen og regionen elles. Lett tilgang til gode sjukehustenester har også mykje å seia for konkurranseseevne og rekruttering til næringslivet på Stord.

Innan oppvekst og utdanning vil Stord Arbeidarparti prioritera vedlikehald og oppgradering av eksisterande skulebygg. Elevar og tilsette skal ha gode og trygge lærings- og arbeidsmiljø. Me vil fullføra bygginga av Nysæter ungdomsskule i kombinasjon med ein ny fleirbrukshall og byggja ein ny kommunal barnehage i Sagvåg-/Litlabø-området.

Stord Arbeidarparti vil ha eit langsiktig perspektiv på arealforvaltninga i kommunen. Det må skiljast tydeleg mellom sentrums- og utviklingsområde, jordbruksområde og naturområde. Stord Arbeidarparti vil sikra innbyggjarane tilgang til gode bu- og tettstadmiljø, triveselsskapande kulturlandskap og lett tilgjengelege friluftsområde.

Stord Arbeidarparti vil leggja særleg vekt på å utvikla Litlabø som bustad- og næringsområde. Me er viljuge til å bruka kommunale ressursar for å utvikla Huglo som eit unikt bustadalternativ. Brusamband ser me på som den viktigaste føresetnaden for å nå dette målet.

Stord skal ha som ambisjon å vera i fremste rekke når det gjeld integrering av nye innbyggjarar. Dette oppnår me best gjennom eit inkluderande arbeidsliv, eit aktivt kulturliv og eit raust lokalsamfunn som inviterer nye innbyggjarar til å bidra i utviklinga av Stord-samfunnet.

Dei frivillige organisasjonane representerer ulike grupper, interesser og perspektiv. Organisasjonane er difor viktige i det norske demokratiet og verdfulle for lokalsamfunnet gjennom det arbeidet dei gjer på mange ulike felt. Stord kommune skal vera ein støttespilar og samarbeidspartner for organisasjonane, og bidra til å gi dei betre økonomiske rammevikår anten gjennom auka tilskot eller reduserte leigekostnader.



Rehabilitering, helse og omsorg

Gjennom trygge og moderne omsorgstenester bygd på fellesskapsløysingar vil Stord Arbeidarparti vidareutvikla velferdskommunen. Auka vekt på førebyggjande helsearbeid og tidleg rehabilitering skal betra folkehelsa. Me vil satsa på universale tiltak der ein ved å «løfta» alle også løfter dei som treng det mest. Eit meiningsfylt innhald i kvardagen er ein føresetnad for god helse. Difor er dagaktivitets- og avlastingstilbod viktige ikkje berre for den einskilde brukar, men også for pårørande.


Stord kommune har framleis trong for fleire sjukeheimslassar og mange må motta pleie i heimen lenger enn ynskjeleg. Dette er vanskeleg for brukaren og dyrt for kommunen. Utbygging av nye og rehabilitering av gamle sjukeheimslassar er difor eit hovudmål for Stord Arbeidarparti. Samstundes trivst mange best med å bu heime. Difor vil Stord Arbeidarparti satsa på profesjonell rådgjeving til dei som ynskjer å tilretteleggja bustaden, utvikla fleksible heimehjelptenester, ta i bruk velferdsteknologi og støtta utbygging av sentralt plasserte omsorgsbustader.

Ein trygg bustad er også grunnlaget for rusførebygging og –behandling. Samstundes må Stord kommune bidra til å utvikla trygge og trivelege buminilø for personar som anten har utviklingshemming eller fysiske problem.

Stord Arbeidarparti vil prioritera eldreomsorga og gjerne samarbeida med ideelle organisasjonar om å utvikla nye omsorgstenester i kommunen. Mange opplever einsemd og at det ofte er vanskeleg å gjera noko med einsemda på eiga hand på grunn av sviktande helse og færre sosiale samanhengar å delta i. Difor vil Stord Arbeidarparti arbeida systematisk for at kommunen saman med friviljuge utviklar fleire gode møteplassar ikkje berre for eldre, men også for andre grupper som av ulike grunnar har behov for eit stimulerande sosialt miljø.

Stord Arbeidarparti vil

- fullføra den planlagde utbygginga av nye og rehabiliterete sjukeheimspllassar i sentrum.
- starta planlegginga av nye omsorgstenester i samarbeid med brukarane og dei fagtilsette.
- tilby sjukeheimspllass til dei som treng det og tilpassa heimetenester slik at fleire kan bu godt heime.
- innarbeida tiltak i Godt å bu heime-prosjektet, velferdsteknologi og telerehabilitering i det faste kommunale tenestetilbodet.
- auka rehabiliteringskapasiteten og fysioterapitenestene i kommunen og øyremerka Stord kommunale rehabiliteringssenter til rehabiliterings- og korttidspllassar.
- arbeida for å redusera ventetida for dei som treng fysikalsk behandling.
- byggja fleire omsorgsbustadar.
- satsa på dagtilbod for eldre, noko som vil auka trivsel og funksjonsevne, og redusera trøngen for kommunale institusjonstilbod.
- styrkja tilbodet til personar med psykisk utviklingshemming m.a. ved å vidareutvikla det gode miljøet og tilbodet ved Sæbø gard.
- sikra verdige livsrammer for vaksne rusmisbrukarar ved m.a. å vidareføra ordninga med legemiddelassistert rehabilitering og "I jobb"-programmet.
- ha auka fokus på førebyggjande helsearbeid for å betra folkehelsa og slik redusera behovet for kostbare kommunale tenester.
- ha folkehelsekoordinator i full stilling slik at arbeidet med å fremja ein aktiv og sunn livsstil får større prioritet m.a. i all kommunal planlegging.
- arbeida for å betra legedekninga ved m.a. kommunalt tilsette fastleggar og ved å oppretta legesenter i Sagvåg.
- styrkja skulehelsetenesta både i grunnskulen og den vidaregåande skulen, og gi helsestertilbod til unge i kvart oppvekstområde.
- vidareutvikla det rusførebyggjande samarbeidet mellom kommunen og politiet (SLT).
- styrkja krisesentera og arbeidet mot valdtekst og vald i nære relasjonar.
- satsa på Utekontakten som eit viktig førebyggjande tiltak.
- prioritera slik at Stord framleis vert ein føregangskommune innan sosial bustadpolitikk ved å gi eit tilbod til dei som ikkje kjem inn på den ordinære bustadmarknaden.
- arbeida for å halda oppe fullverdige akuttfunksjonar og fødetilbod ved Stord sjukehus.
- arbeida for at det vert fleire fulltidsstillingar i omsorgssektoren.



Næring, miljø og utvikling

Stord og Sunnhordland

I folketal er Stord den største kommunen og regionssenter i Sunnhordland, og har såleis eit særskilt ansvar for samhandling og samarbeid i regionen.

Arbeidarpartiet vil at Stord skal vera eit raust regionssenter som set tonen for positiv utvikling i Sunnhordland gjennom interkommunalt samarbeid.

Stord Arbeidarparti vil

- arbeida ut ein kommunal næringsplan i dialog med nabokommunane.
- støtta Høgskulen på Vestlandet (HVL) som ein viktig leverandør av yrkesutdanning og kompetanse i regionen og sørga for at HVL er ein viktig bidragsyter til å ivareta dei sterke fagmiljøa i regionen.
- arbeida for interkommunalt opplæringskontor for t.d. kommunale fag, fleire læringer i regionen og bidra til at desse får eit godt opplæringsmiljø.
- styrka dei lokale rettsinstansane gjennom samanslåing av Sunnhordland og Hardanger tingrett, og samlokalisering av tingretten og Haugaland og Sunnhordland jordskifterett i Sorenskrivargarden.
- ha eit sterkt lensmannskontor som er synleg i kvar dagen til innbyggjarane.
- arbeida for eit felles brann- og redningsvesen på Stordøya og Bømlo med godt utstyr og rett kompetanse.
- arbeida for ein styrka Sunnhordlands-identitet.

Kommunen og samfunnet

Stord Arbeidarparti vil at Stord kommune skal vera ein god og inkluderande arbeidsgjevar der trepartssamarbeid set rammene for kontinuerleg utvikling av kommuneorganisasjonen.

Kommunen må og ta ansvar for og bidra til ryddige og trygge arbeidsforhold elles i samfunnet.

Stord Arbeidarparti vil

- minst oppfylla krava til samfunnskontrakt for partane når det gjeld lærlingar. Sørga for at Stord kommune tilbyr lærlingeplassar innan så mange ulike fag som mogeleg.
- vidareutvikla trepartssamarbeidet for å forebygga sosial dumping i samsvar med «Stord-modellen» på andre område enn berre bygg og anlegg.
- at Stord kommune skal vera ein inkluderande arbeidsgjevar der varsling vert teke positivt imot.
- arbeida for at Stord kommune vert ein føregangskommune når det gjeld heiltidskultur og rett til faste heile stillingar
- styrkja kommunen som organisasjon gjennom kontinuerleg forbettingsarbeid i samarbeid med dei tilsette.
- styrka vedlikehaldet av kommunen sine bygg og utføra meir av vedlikehaldet i eigenregi.
- at Stord kommune skal arbeida målretta med samfunnstryggleik og beredskap.



Næringsutvikling

Marknadskraftene åleine er ikkje i stand til å sørge for full sysselsetting. Stord Arbeidarparti vil difor utvikla kommunen som ein viktig næringsutviklar. Stord skal vera ein interessant stad for etablering av nye verksemder og gi gode rammevilkår for eksisterande verksemder. Regionalt samarbeid vil vera eit viktig tiltak for å styrka næringslivet i Sunnhordland.

Stord Arbeidarparti vil

- styrka kommunen sitt engasjement innan næringsutvikling.
- sørge for at kommunen til ei kvar tid har ein oppdatert strategi og tiltaksapparat for etablering og ivaretaking av næring.

- vurdera å oppretta eit eige kommunalt eigedomsselskap som m.a. skal utvikla næringsareal.
- vidareutvikla samarbeidet med Atheno med tanke på næringsutvikling og nyestablerarar.
- ha eit særleg ønske om knoppskyting frå bransjar og verksemder der me har verdsleiane verksemder.
- støtta opp om industrien i regionen si omlegging til klimamessig berekraftige produkt.
- få fleire statlege arbeidsplassar til Stord.
- leggja vekt på å skaffa arbeidsplassar med ulik kompetanseprofil, slik at ektefellar og sambuarar kan skaffa seg arbeid og busetja seg i regionen.
- utvikla ordninga med teknisk fagskuleutdanning fram mot ingeniørutdanning i samarbeid med verksemndene.

Arealplanlegging

Kommunen må planleggja og leggja til rette for gode bustad- og næringsområde, og utvikla infrastruktur som gjer det attraktivt å bu og driva næring i Stord kommune. Marknadskreftene kan ikkje åleine sikra eit bustadtilbod til alle. På same måte klarar heller ikkje marknadskreftene å tilby ei stor nok breidde i kva næringsareal som er til rådvelde. Stord Arbeidarparti vil difor gjenreisa kommunen som utviklar av bustadområde og næringsareal. I dette arbeidet vil eit kommunalt eigedomsselskap kunna vera eit viktig verktøy.

Stord Arbeidarparti vil

- sørge for at det heile tida er bustadomter i ulike delar av kommunen og nye tilgjengelege næringsareal, t.d i Grunnavågen og i næringsområdet ved flyplassen.
- at Stord kommune sjølv skal utvikla nye bustad- og næringsområde.
- at planar skal vera det viktigaste verktøyet i arealforvaltninga. Dispensasjon frå planar skal berre gjevast i særtilfelle.
- sikra nok bustadar til førstegangsetablerarar og unge familiiar, til dømes gjennom arealkrav.
- sikra viktige natur- og utfartsområde for ålmenta.
- framleis bandleggja Landåsen som rekreasjonsområde.
- utvikla ein arealpolitikk som tydeleg skil mellom utbyggingsområde og LNF-område.
- sikra viktige område for utviklinga av Stordsamfunnet. Det gjeld t.d. Sævarhagen, Sagvåg ferjekai og område i tilknyting til Vikahaugane.
- vera pådrivar for å realisera regulert bustadfelt med store tomter på Huglo.
- utvikla gruveeigedommen på Litlabø som område for bustad, næring og friluftsliv.

Byutvikling

Leirvik er regionssenter for Sunnhordland og det naturlege samlingspunktet for store feststunder i kommunen. Eit levande sentrum er viktig for trivsel og fellesskap blant innbyggjarane.

Stord Arbeidarparti vil

- utvikla kaiområdet (bussterminalen) til eit attraktivt byrom, sikra kontakten med sjøen frå sentrum og utvikla Torget og Borggarden til eit grønt byrom.
- halda fram utbygginga av strandpromenaden frå moloen – kyrkja.
- leggja offentlege publikumstenester til Leirvik.
- realisera den vedtekne nye bussterminalen.
- vurdera å utvikla underjordiske parkeringsområde i sentrum.

- leggja til rette for at studentane på høgskulen kan delta i kulturaktivitetar og sosialt liv i sentrum.

Reiselivsnæringa

Reiselivsnæringa er ei vekstnæringskraftig næring i Sunnhordlandsregionen. Stord Arbeidarparti vil leggja til rette for at Stord og Sunnhordland framstår som eit attraktivt reisemål.

Stord Arbeidarparti vil

- arbeida for å få snøggbåtsamband mellom Bergen og Stavanger, med Leirvik som stoppestad
- fremja Stord som eit knutepunkt for reiselivssatsinga i Sunnhordland.
- auka båtturismen i Leirvik, Sagvåg og på Huglo ved å sikra gode tenester som sal av drivstoff til båtfolket.
- Sørga for at ein større del av Leirvik hamn er tilgjengeleg for båtturistar i sesongen.
- støtta arrangement og festivalar.
- leggja til rette for bobilplassar nær Leirvik sentrum

Samferdsle og kommunikasjon

God infrastruktur og moderne ferjer er avgjerande for eit konkurranseskiftig næringsliv i framtida. Stord og nabokommunane må fungera som éin arbeids- og bustadmarknad.

Samferdsleutbygging har òg ein miljødimensjon. Difor vil Arbeidarpartiet styrkja kollektivtilbodet, arbeidet med gang- og sykkelvegar og leggja vekt på å få til redusert drivstoffbruk når nye samferdsleprosjekt skal planleggjast. For å nå desse måla er det viktige samferdsleprosjekt som må realiserast:

- Ferjefri kyststamveg mellom Bergen og Stavanger.
- Ein moderne og trygg Haukeliveg mellom Vestlandet og Austlandet.
- Nedkorting av reisetida mellom Kvinnherad og Stord gjennom eit bruprosjekt via Huglo og Tysnes. Alternativt må val av ferjesamband ha eit langsigktig og miljøvenleg perspektiv.
- Fullført opprusting av E39 over Stord, med hovudsatsing på trafikksikring mellom Heiane og Ådland.
- Ferdigstilt reguleringsplan og oppstart av arbeidet med bru frå Huglo til Skorpo.

Stord Arbeidarparti vil

- arbeida for å halda oppe eit tilfredsstillande ferjetilbod i fylkesvegsambanda.
- arbeida for betre korrespondanse mellom bussar, båtar og ferjer, og mellom dei offentlege tilboda og dei private ekspressbussane, i tillegg til helseekspressen.
- arbeida for at innbyggjarane i Stord skal kunna ferdast på eit samanhengande nett for gåande og syklande langs alle hovudvegane i kommunen.
- oppgradera Litlabøvegen slik at han vert trygg for alle trafikantar.
- velja vegprising, og ikkje bompengar, som alternativ for å delfinansiera samferdsleutbygging på Stord.
- asfaltera og rehabilitera dårlege kommunale vegar.
- ha gatelysa tent når det er mørkt.
- betra kollektivtilbodet slik at dette vert eit reelt alternativ til privatbilen, og arbeida for nattbuss frå sentrum på fredag og laurdag.
- utvikla rutetilbodet ved Stord Lufthamn.
- fullføra arbeidet med å få internett via fiberkabel til alle bustadar og verksemder.



Landbruket

Me vil ta vare på og sikra trygge rammevilkår for landbruket på Stord slik at det kan eksistere i lag med alle andre interesser. Landbruket er ein ressurs i bykommunen både som næring og som trivselsfremjande faktor.

Stord Arbeidarparti vil

- prioritera midlar til skogrydding for å sikra kulturlandskapet.
- ta vare på dei samanhengande, sentrale jordbruksområda i kommunen.
- vera ein pådrivar for betre kommunikasjonar til landbruket på Huglo.
- støtta utvikling av lokalmatprodukt og reiselivsprodukt i næringa.

Hamn og sjø

Me vil gjera Stord Hamn Eldøyane til regional godshamn for Sunnhordland og vidareutvikla Leirvik og Sagvåg hamn. Stord Arbeidarparti vil at fleire skal få glede av båtliv i Sunnhordlandsbassenget.

Stord Arbeidarparti vil

- byggja fleire båtplassar for utleige til ein akseptabel pris.
- utvikla Leirvik hamn som ei aktiv trafikkhamn og Eldøyane som ei viktig godshamn.
- opna for å utvikla Eldøyane som supplyhamn.
- vurdera å utbyggja hamneareal ved flyplassen.
- støtta opp om verksemda til Redningsselskapet sitt sjøredningskorps i Sunnhordland.
- få på plass landstraum i Stord hamn.

Klima og miljø

Stord kommune har ein variert natur der innbyggjarane har tilgang til sjø, skog og fjell. I kombinasjon med tettstadmiljø i utvikling og tradisjonsrike kulturlandskap utgjer dette eit viktig grunnlag for velferd og livskvalitet for innbyggjarane. Arbeidarpartiet ser forvaltinga av og tilgangen til friluftsområda i eit folkehelseperspektiv. For Arbeidarpartiet er det eit prioritert mål å ta vare på kvalitetane i natur og kulturmiljøet. Samstundes må Stord kommune ta sitt ansvar for å motverka klimaforverringa, som kan bli det største trugsmålet mot velferd og livskvalitet i framtida. Omsynet til klima og miljø skal difor trekkjast inn i alle politiske avgjerder. Stord Arbeidarparti vil arbeida for betre rammevilkår for bruk av fornybare energikjelder som grunnvarme og varme frå sjø, bioenergi og småkraftverk, og samstundes føra vidare satsinga på bruk av naturgass/biogass på Stord.

Eit trygt trafikkmiljø er også ei viktig side ved velferda til innbyggjarane, og dette må leggjast til grunn for all privat og offentleg planlegging og utbygging.

Stord Arbeidarparti vil

- arbeida for at Stord skal vera i front i omstillinga mot eit lågutsleppssamfunn.
- fullføra miljøsertifiseringa av dei kommunale einingane.
- arbeida for at nye kommunale køyretøy skal ha nullutslepp.
- leggja til rette for fleire ladestasjonar for el-bilar.
- sikra rekreasjonsområde ved sjøen, i skogen og på fjellet for innbyggjarane, og i samarbeid med Friluftsrådet vedlikehalda og leggja til rette for bruk ved å byggja ut turstiar, badestrender, parkeringsplassar og serviceanlegg.
- prioriteta utbygging av turløypene i Landåsen mot Litlabø og Stuva, langs Storavatnet og mellom Sævarhagen og Rommetveit.
- sikra gode tilførslevegar frå bustadområda til naturområda og ordna parkering ved utfartsstadene i fjellet.
- vidareutvikla gode møteplassar og grøne lunger i sentrum av Leirvik, Sagvåg og Litlabø. Me vil prioritera Vidsteenparken på Leirvik og Sagvåg hamn.
- ta vare på gode tettstadmiljø og kulturlandskap. Me vil etablera ein Vakker Stord-pris for gode estetiske løysingar ved nybygg, ombygging og regulering.
- satsa på ei kostnadseffektiv utbygging og vedlikehald av vass- og avlaupsnettet slik at alle innbyggjarane på Stord og Huglo får god og sikker vasskvalitet og tilfredsstillande avlaupsordningar.
- leggja til rette for meir bruk av fornybare energikjelder, både i transportsektoren og private bygg, men også i industriell verksemد og i større bygg/industribygg, og ved rehabilitering og nybygg i offentleg regi.



Kultur, idrett og frivillig arbeid

Kulturen vert skapt der menneske møtest. Gjennom kulturen vert det knytt band ikkje berre mellom fortid og notid, men mellom generasjonar og grupper, og mellom det lokale og internasjonale samfunnet. Kulturpolitikk er både velferdspolitikk og samfunnsbygging.

Arbeidarpartiet vil difor støtta organisasjonar og andre aktørar i det lokale kulturlivet og prioritera høgt utvikling av arenaer og møteplassar der innbyggjarane både skaper og møter kulturuttrykk.

Stord Arbeiderparti vil videreutvikla eit godt samarbeid med organisasjoner som har kultur, idrett og frivillig arbeid i fokus.

Kultur

Kulturen kjem til uttrykk i det me gjer og skaper. Notidskulturen byggjer på og vidareutviklar det generasjonane før oss har skapt og gjort. For Arbeidarpartiet er det viktig å synleggjera og formidla dette sambandet mellom fortid og notid. Slik vil me bidra til å utvikla lokal identitet og til auka innsikt i vår eiga tid.

Stord Arbeidarparti vil

- arbeida for å oppretthalda ei berekraftig kulturminneforvaltning, og stimulera til tverrfagleg samarbeid for å sikra at viktige kulturminne ikkje går tapt.
- arbeida for gode tilskottssordninger til museum med museumsfaglig kompetanse.
- byggja og levandegjera vår lokale identitet ved å spela på lag med kystkulturmiljøet i Sagvåg, gruvemiljøet på Litlabø, historiegruppa ved Verftet, Sunnhordland museum, Stord maritime museum og ved å fullføra det lokalhistoriske verket.
- arbeida for konsertsal i Litlabøgruvene.



Idrett

Stord Arbeidarparti vil prioritera vedlikehald av idrettsanlegga i Nordbygdo, Leirvik-området og Sagvåg. Fleirbruksshallane i kommunen skal vera senter for idrettsglede og samordning av ulike helsefremmande aktivitetar, og uteområda i tilknyting til desse skal inngå i ein heilskap med varierte aktivitetsformer.

Stord Arbeidarparti vil

- laga planar for utskifting av m.a. kunstgrasdekke, golv i idrettsanlegga m.m i samband med vedlikehaldsplanane.
- arbeida for realisering av ein regional ishall på Vikahaugane.
- vidareføra den økonomisk støtta til dagleg leiar for dei største idrettslagene i kvar bydel, og ordninga med at dei lokale idrettslagene får medansvar og midlar til drift av sine næranlegg.
- arbeida for gratis treningstid i idrettsanlegg for barn og unge opp til 19 år.
- utvikla gode støtteordninger til festivalar innan idrett, litteratur, teater, musikk, kunst og kystkultur.
- arbeida for gode rammevilkår for idrettsarrangement som engasjerer mange som til dømes Handballfestivalen, Puttefestivalen, Eat Move Sleep-cup og maraton.

Frivillig arbeid

Eit velfungerande lokalsamfunn er avhengig av ein aktiv og engasjert frivillig sektor. Stord Arbeidarparti vil satsa på frivilligheita og jobba for å gi gode rammevilkår til frivillige lag og organisasjonar.

Stord Arbeidarparti vil

- støtta og samarbeida med dei frivillige organisasjonane for å utvikla velferd og trivsel i kommunen.
- trekkja barn og ungdom inn i dei politiske prosessane slik at dei vert høyrde før vedtak vert gjort.

- framheva nynorsk som ein identitetsmarkør for Stord kommune både lokalt og i resten av landet.
- styrkja og utvikla Kulturhuset som ein kulturell og sosial møteplass for Stord og regionen, og ta initiativ til å få gode akustiske forhold i Kulturhuset og nye kommunale bygg.
- utvikla Vidsteenparken på Leirvik til ein god utandørs arena for framføring av musikk og scenekunst.



Oppvekst og utdanning

Tryggleik og kompetanseheving

Det er viktig at barn og unge er sikra gode tenester i barnehage, skule, barnevern og kulturskulen. Alle barn og unge skal ha rett til trygge og gode rammer i barnehage og skule. Å vera tilsett ved skular og barnehagar inneber ei livslang læring. Me vil difor sikra kompetanseheving og fagleg støtte for dei tilsette i opplæringsverksemda for å sikra utvikling og fokus på undervisningskvalitet.

Difor vil me også arbeida for å trygga lærarutdanninga på Stord og utvikla Stord som studentby for å sikra tilgang på kompetanse.

Barn treng ikkje berre hjelp i arbeidstida. Arbeidarpartiet vil difor arbeida for barnevernsvakt heile døgeret gjennom barnevernnssamarbeid i ytre Sunnhordland, og sikra at barnevernet har ressursar og kapasitet til å hjelpa barn og familiar som treng det. Arbeidarpartiet vil leggja betre til rette for at innvandrarbarn i større grad deltek i kultur- og fritidstilboda i kommunen.

Stord Arbeidarparti vil

- sikra nok ressursar slik at barnevernet kan gå inn på eit tidleg tidspunkt og driva aktivt førebyggjande arbeid.

- fokusera på helsa til barn og unge, og sikra førebyggjande- og handlingskompetanse hos dei vaksne som jobbar tett med barn og unge, særleg med tanke på seksuelle overgrep.
- leggja vekt på at skulane har handlingsplanar og tiltak som gir alle elevane ein trygg og sosial skulekvardag.
- revurdera antimobbeprogram i skular og barnehagar, og få ei felles og samanhengande satsing i kommunen.
- støtta tett samarbeid mellom barnehage og skule for å sikra gode overgangar for elevane.
- støtta tett samarbeid mellom høgskulen og skular/barnehagar med sikte på kompetanseheving og kvalitetsutvikling..
- etablera mentorordning for nyuttanna lærarar som er tilsett i kommunen.
- sikra drift av fritidsklubbane.
- sikra eit breitt tilbod av både studieførebuande og yrkesretta studieretningar ved Stord vidaregåande skule

Barnehagane

Utdanningsløpet byrjar i barnehagen. Barnehagane spelar i dag ei sentral og grunnleggjande rolle i barns liv og læring. Godt ordforråd og tidleg innsats i samband med generell språkopplæring har eksplisitt effekt på seinare utvikling og læring. Me vil difor prioritera langsiktig satsing på pedagogisk arbeid med barnas språkutvikling i kommunale barnehagar.

Stord Arbeidarparti vil

- tilby barnehageplass til alle som ynskjer det.
- byggja ny kommunal barnehage i Sagvåg, med eit godt pedagogisk tilbod og gode uteareal.
- støtta pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagane for å auka kvaliteten.
- sikra tospråklege barn eit fagleg godt opplegg for språkopplæring.
- styrka den generelle språkopplæringa i barnehagane.
- rusta opp kommunale barnehagebygg slik at dei har eit sunt, godt og inspirerande miljø.

Skulane

Skulane og barnehagen skal skapa gode læringsforhold og trygge rammer for barna. Det er gjennom barna vi skaper framtida. Stordskulen skal difor ha høg fagleg og pedagogisk kvalitet, velhaldne og vakre skulebygg og trivelege læringsmiljø.

I løpet av kommande periode vil skulen i Noreg få nye læreplanar som vil krevja endringar i det pedagogiske arbeidet. Me ser òg ei digital utvikling i samfunnet som krev høgare digital kompetanse hos elevane og lærarane. Arbeidarpartiet vil difor satsa på pedagogisk og fagleg bevisst bruk av IKT i undervisninga.

Mat på skulen vil sørgra for at alle born får eit godt og næringsrikt måltid om dagen. Dette vil vera med på å jamna ut sosiale ulikskapar når det gjeld helse, og gje betre konsentrasjon og læring. Det skapar også felleskap ved at alle elevar samlast til eit felles måltid.

Stord Arbeidarparti vil

- byggja ein ny Nysæter ungdomsskule.
- sikra nærskuleprinsippet i Leirvik- og Langelandskrinsane ved utbygging av skulekapasiteten, og sikra gode pedagogiske-, psykososiale- og fysiske vilkår, i eit langsigktig perspektiv.
- arbeida for eit gratis måltid om dagen ved alle skulane i kommunen.
- gjennom utforming av lokal arbeidstidsavtale visa lærarane tillit og gi dei ansvar for å utvikla gode læringsmiljø.
- prioritera tidleg innsats og tilrettelagt undervisning for å støtta elevane som har faglege eller sosiale utfordringar, og sikra tilfredstilande og rettferdige spesialpedagogiske tilbod.
- sikra eit velfungerande leksehjelptilbod.
- satsa på symjeopplæringa i skulen. Alle skal kunne symja når dei går ut 4. trinn i grunnskulen.
- satsa på lese- og skriveopplæringa i skulen. Me vil heva lese- og skrivedugleikande i heile kommunen.
- rusta opp og vedlikehalda skulebygningane slik at dei gjer eit sunt, godt og inspirerande læringsmiljø.
- auka elevane sin digitale kompetanse. Skulane skal jobba mot 1:1-dekning av datamaskin pr. elev, og nytta digitale verktøy der det kan bidra med å heva undervisningskvaliteten.
- auke lærarane sin profesjonsfaglege digitale kompetanse gjennom tett samarbeid med høgskulen.
- sikra kommunal støtte for skulane i fagfornyingsprosessane, og stilla med naudsynte ressursar.

SFO

Skulefriftidsordninga (SFO) er eit avgjerande tilbod for fleire familiar, m.a. fordi skulekvardagen sluttar tidlegare enn den normale arbeidsdagen. Det må stillast krav til høg kvalitet i aktivitetstilbodet på SFO. Tilboden bør ha ein pris som gjer det til eit tilbod for alle.

Stord Arbeidarparti vil

- arbeida for å gi søskensmoderasjon i SFO.
- styrka aktivitetstilboda i SFO, slik at barn og unge får utvikla både sosiale, kreative og motoriske dugleikar gjennom leik og utforsking.
- støtta dei tilsette i SFO i utviklingsarbeid for å auka kvaliteten.
- sikra at dei barna som har rett på SFO, og i ferien, har tilfredsstilande tilbod.
- vidareutvikla samarbeidet med aktuelle aktørar i kommunen, til dømes idrettslag, kulturskulen, Stord vgs og høgskulen.

Kulturskulen

Kulturskulen skal sikra alle eit tilbod om å utvikla sine kreative evner og interesser. Kulturskulen er difor eit viktig velferdstiltak som bidrar til å gjera Stord til eit levande og triveleg miljø.

Stord Arbeidarparti vil

- auke talet på elevplassar i kulturskulen.
- sikra eit breitt tilbod i kulturskulen og gode lokalitetar for drifta.
- støtta etableringa av tilbod for vaksne i kulturskulen.
- arbeida for eit tett samarbeid mellom kulturskulen og skulen med siktet på å gi fleire barn tilgang til kulturskuletilbodet.

Valliste til kommunevalet Stord kommune 2019-2023



Kandidatnr	Etternamn	Fødselsår	Stilling
1	Gaute Straume Epland	1981	Ordførar
2	Marita Vassnes	1992	Lærar
3	Edgar Inge Damås	1964	Avdelingsleiar
4	Katrin Innvær Ankervold	1967	Hovedtillitsvalgt
5	Tarjei Aamot Haga	1987	Førstekonsulent
6	Marit Tislevoll Odland	1960	Interiørarkitekt
7	Roy Sverre Amundsen	1955	Einingsleiar
8	Susan Hassan Abdallah	1977	Lærar
9	Asle Ragnar Dahl	1962	Sjølvstendig
10	Astrid-Cecilie Flisam Aleksandersen	1991	Ped. Leiar
11	Harald Martin Engen	1942	Pensjonist
12	Britt Nelly Hystad Barane	1982	Avdelingsleiar
13	Rune Hantho	1972	Industriarbeidar

14	Bente Bjelland	1968	Kultursjef
15	Tore Hatlevik	1966	Kulturhusvert
16	Ragnhild Suae Stokken	1965	Miljøarbeidar
17	Sigurd Huglen	1962	Ingeniør
18	Inger Johanne Moe	1943	Pensjonist
19	Per Jan Ingebrigtsen	1946	Forfattar/pensjonist
20	Vigdis Olsen	1949	Pensjonist
21	Mariusz Kucharycz	1979	Avdelingsleiar
22	Britt Dagmar Reksnes	1952	Pensjonist
23	Carl Ove Larsen	1959	Prosjektleiar
24	Eli Lunde Sandnes	1949	Pensjonist
25	Arnfinn Suae	1967	Ufør
26	Elen Aina Skorpen	1946	Sjølvstendig
27	Amram Hadida	1960	Klubbleiar
28	Anett Hidle Stokken	1970	Lærar
29	Thomas Strauss	1979	Disiplinleiar Service
30	Asbjørg Hovland Verpelstad	1972	Sjukepleiar
31	Sigurd Mosheim Sævareid	1983	Klubbleiar Montør EL&IT
32	Trude Aamot	1960	Lærar
33	Mumtaz Zenal	1980	Driftsleiar
34	Monica Hauge Aarsund	1976	Tillitsvalgt
35	Inge Øpstad	1964	Elektriker

